

Atomberedskap og utdeling av jodtablettar

Informasjon til føresette og tilsette i skular, barnehagar og institusjonar der barn oppheld seg på dagtid

Ved ei atomhending med utslepp av radioaktivt jod, er jodtablettar eit tiltak. Årsaka til ei atomhending kan være utslepp frå eit av kjernekraftverka i Europa, utslepp frå reaktordrivne fartøy langs norske kysten eller ein terroraksjon. Jodtablettar kan beskytta mot kreft i skjoldbruskkjertelen. Jodtablettar skal ikkje delast ut eller bli innteke før det er gitt beskjed om det frå myndigheitene.

Det nasjonale Kriseutvalet for atomberedskap vil ved ei atomhending om nødvendig gi ei anbefaling om inntak av jodtablettar, sannsynlegvis saman med råd om innandørs opphald. Jodtablettar skal bli innteke så raskt som mogleg etter at anbefaling er gitt frå Kriseutvalet for atomberedskap.

Som ledd i atomberedskapen i Suldal kommune er jodtablettar lagra i alle offentlege og private skular, barnehagar og andre institusjonar der barn oppheld seg på dagtid. Ved ei atomhending vil barn få utdelt jodtablettar der dei oppheld seg. Alle elever under 18 år som oppheld seg i vidaregåande skular ved ei atomhending vil få utdelt jodtablettar.

Jodtablettar vert selt reseptfritt på apoteka. Det er anbefale at alle under 40 år, gravide, ammande og dei med heimebuande barn har jodtablettar heime som ein del av eigenberedskap. Jodtablettane som er lagra i skular, barnehagar og institusjonar vert testa årleg hos Statens legemiddelverk. Tablettane er trygge å bruke og er verksame, sjølv om dei er utgått på dato.

Kven bør ta jodtablettar?

Målgruppa for bruk av jodtablettar er barn og unge under 18 år, gravide og ammande. Desse gruppene har størst opptak av jod, og vil ha mest nytte av tablettane. Det kan bli gitt råd om inntak av jodtablettar i spesielle tilfelle til vaksne mellom 18 og 40 år. Vaksne over 40 år har liten risiko for å få kreft i skjoldbruskkjertelen pga. radioaktivt jod og ein har ikkje sett nokon reduksjon av kreftrisiko for denne aldersgruppa ved å ta jodtablettar. Derfor anbefalar myndigheitene ikkje jodtablettar til denne gruppa.

Samtykke og reservasjon

Føresette samtykker til at barnehage og skule kan dela ut jodtablettar til deira barn ved eit såkalla passivt samtykke. Dei får informasjon om utdeling av jodtablettar og treng ikkje å gjera noko meir dersom dei samtykker til dette.

Dersom føresette ynskjer å reservera sine born mot å få jodtablettar må dei gi ei skriftleg melding til barnehagen/skulen om det.

Bruk av jodtablettar

Opptak av radioaktivt jod aukar risikoen for å få kreft i skjoldbruskkjertelen. Dersom det blir eit utslepp av radioaktivt jod, kan jodtablettar blokkera opptaket av radioaktivt jod, og kan vera eit av fleire beskyttande tiltak som Kriseutvalet for atomberedskap anbefalar.

Informasjonsskriv jodtablettar, Suldal kommune, 31.03.2022

Jodtablettar beskyttar berre mot radioaktivt jod, og ikkje mot andre radioaktive stoff. Jodtablettar skal bli innteke så raskt som mogleg etter at anbefaling er gitt frå Kriseutvalget for atomberedskap, og innan 4 timar etter eksponering for radioaktivt jod i luft, mat og/eller drikke. Det er også effekt dersom tablettane blir innteke innan 8 timar. Jodtablettane kommunen har på lager er av typen Kaliumjodid Recip. (Apoteka fører eit anna medikament; Jodix 130 mg.) Kaliumjodid Recip inneheld 65 mg kaliumjodid og kjem i pakningar à 10 tablettar.

- Dosering for vaksne og barn over 12 år: 2 tablettar.
- For barn 3-12 år: 1 tablett.
- For barn frå 1 måned til 3 år: 1/2 tablett.
- For spedbarn opptil 1 måned: 1/4 tablett og berre under oppsyn av helsepersonell.

Tablettane har delekors. Dei kan knusast og blandast/rørast ut i vatn. Ver merksam på at tablettane ikkje alltid vil løysa seg fullstendig opp i vatn (dvs. løysninga blir «uklar»). For å sørge for at ein har fått i seg heile legemiddelmengda, bør ein i etterkant skylja glaset/behaldaren med vatn og drikke dette. Tablettane kan om nødvendig blandast/rørast ut i juice, syltetøy eller mjølk. Følg pakningsvedlegget.

Eigenberedskap

Jodtablettar vert selt reseptfritt på apotek. Det er anbefale at familiar kjøper inn jodtablettar til barn og unge under 18 år, gravide, ammande og husstandsmedlemmer under 40 år.

Samtykke

Jodtablettar vert delt ut med føresette sitt «passive samtykke».

Forsiktighetsreglar

- Risikoen for biverknadar ved bruk av jodtablettar er svært liten for barn og unge
- Gravide og ammande skal unngå høgare doseringer enn anbefalt
- Ved tilførsel av jod til nyfødde (første levemånad) gjeld spesielle forsiktighetsreglar
- Personar som har betennelse i skjoldbruskkjertelen (thyreoiditt), forstyrningar i skjoldbruskkjertelfunksjonen eller dermatitis herpetiformis (Duhriings sykdom) skal ikkje ta jodtablettar
- Personar som er allergisk for kaliumjodid eller nokon av innhaldsstoffa i legemiddelet skal ikkje ta jodtablettar
- Personar som har operert bort skjoldbruskkjertelen trenger ikkje ta jodtablettar

Ved ei atomhending

Søk råd om innandørssopphold og inntak av jodtablettar, hold deg orientert via internett, tv og radio. Jodtablettar skal berre bli innteke når det er blitt gitt anbefaling om det.

Aktuelle nettstader:

- Kommunens nettside www.suldal.kommune.no
- Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet sin nettside www.dsa.no/atomberedskap.no